



HAREID KOMMUNE

Innkalling

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	11.11.2020
Tid:	Kl. 09:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til servicetorg og politisk sekretariat på telefon 70 09 50 00 eller politikk@hareid.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenter er publiserte på www.hareid.kommune.no.

Dette blir eit heildagsmøte m budsjettpresentasjon. Presentasjonen kjem til slutt. Det blir servert baguettar rundt kl 12.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
154/20	Godkjenning av innkalling og sakliste	20/2715
155/20	Godkjenning av protokoll	20/2715
156/20	Orienteringar	20/2715
157/20	Referatsaker	20/2715
158/20	Folkehelseoversikt 2020	20/2273
159/20	God Helse-samarbeidsavtale 2020-2023	20/2692
160/20	Rullering av kommuneplanens arealdel 2020-2032 - utlegg til 1. gongs offentlig ettersyn	19/727
161/20	Vedtekter for SFO ved skulane i Hareid kommune	20/2016
162/20	Velferdsteknologi - handlingsplan 2020-2023	20/463
163/20	Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF- Høyringsvar frå Hareid kommune	20/2661
164/20	Dugnad for HAFAST	20/2717
165/20	Snipsøy skule	20/2608
166/20	Faktureringsrutiner	20/1847
167/20	Prioritering av investeringstiltak 2021	20/2718

Hareid, 06.11.2020

Bernt Brandal (
ordførar



Vår referanse: 20/2715 20/11961

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 06.11.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
154/20	Formannskapet	11.11.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste



Vår referanse: 20/2715 20/11945

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 06.11.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
155/20	Formannskapet	11.11.2020

Godkjenning av protokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 26.10.2020

Protokoll - Formannskapet - 29.10.2020 - Heildagsmøte med ekskursjon



Vår referanse: 20/2715 20/11962

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 06.11.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
156/20	Formannskapet	11.11.2020

Orienteringar og spørsmål

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
42/20	Presentasjon og drøfting av budsjett



Vår referanse: 20/2715 20/11963

Saksbehandler: Erlend Friestad

Dato: 06.11.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
157/20	Formannskapet	11.11.2020

Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
22/20	Høyringsvar frå Sunnmøre Regionråd - Innspel til forslag om reduksjon av rutetilbod for hurtigbåt og ferje
23/20	Klage på manglande tilsyn - Tussa og Mørenett AS



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
91/20	Næring- og miljøutvalet	03.11.2020
63/20	Levekårsutvalet	04.11.2020
158/20	Formannskapet	11.11.2020
93/20	Kommunestyret	19.11.2020

Folkehelseoversikt 2020

Samandrag:

Kommunen skal ha oversikt over tilhøva og dei faktorane som verkar positivt eller negativt inn på helsetilstanden, for å kunne setje i verk tiltak som har effekt på folkehelsa, jf. krav i folkehelselova §5. Oversiktsdokumentet skal utarbeidast kvart fjerde år, og er ein del av i kommunen sitt systematiske planarbeid.

Kommunedirekøren si tilråding:

Kommunestyret tek folkehelseoversikt 2020 til vitande.

Vedlegg:

Folkehelseoversikt 2020
Oppvekstprofil-2020-Hareid
Folkehelseprofil-2020-Hareid

Saksopplysningar:

Lov om folkehelsearbeid (folkehelseoven) frå 2012 pålegg kommunane å utarbeide ei oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar. Oversikta skal vere skriftleg og identifisere folkehelseutfordringane i kommunen, vurdere konsekvens og årsaksforhold.

Departementet har i Forskrift om oversikt over folkehelsen, F28.06.2012 nr 692, gitt nærmare krav til kommunen si oversikt. Det følger av forskrift § 5 at kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år.

Paragraf § 3 set krav til innhald i oversikta; Oversikta skal omfatte opplysningar om og vurderingar av:

- a) befolknings sammensetning
- b) oppvekst- og levekårsforhold
- c) fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- d) skader og ulykker
- e) helserelatert adferd og
- f) helsetilstand.

Folkehelseoversikten er grunnlaget for planarbeidet i kommunen.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen har i henhold til lovverket ansvar for å fremje folkehelse gjennom sine verkemiddel, og folkehelseperspektivet skal inngå i planlegging og lokal samfunnsutvikling. God oversikt over helse og påverknadsfaktorar er ein føresetnad for å beskrive folkehelseutfordringar og ressursar, og nødvendig for å planlegge og gjennomføre tiltak.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa: God oversikt over helsetilstanden vil gje godt grunnlag for planstrategi og anna planarbeid, samt utvikling av nye tiltak.

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Kariann Bigseth
Konstituert kommunedirektør

Monica Torvik Stokset
Folkehelsekoordinator



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
68/20	Levekårsutvalet	04.11.2020
159/20	Formannskapet	11.11.2020
	Kommunestyret	

God Helse-samarbeidsavtale 2020-2023

Samandrag:

Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr kommunane i Møre og Romsdal å inngå God Helse-samarbeidsavtalen som årlig utløyser tilskot på kroner 125 000 til kommunen for perioden (med føresetnad om oppfølging av vilkår i avtalen og løyving på budsjett).

God Helse-samarbeidsavtalen omfattar mellom anna avtalepartane sine ansvarsområde i det

helsefremmande og førebyggjande arbeidet. I vedlegget til avtalen er økonomisk tilskot frå

fylkeskommunen, i tillegg til den enkelte kommune sine prioriterte arbeidsområde i perioden,

beskrive. Tilskotet skal brukast til å finansiere arbeidet med ansvarsområde i punkt 3 og arbeidsområder for kommunen for avtaleperioden spesifisert i vedlegg 1, del 3.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår inngåing av God Helse-samarbeidsavtale 2020-2023.

Vedlegg:

God Helse samarbeidsavtale 2020-2023 vedlegg
God Helse samarbeidsavtale 2020-2023

Saksopplysningar:

Fylkeskommunen ønsker eit strategisk samarbeid med kommunane om å utvikle folkehelsearbeidet i fylket. God Helse er namnet på Møre og Romsdal fylkeskommune sitt folkehelsearbeid og partnerskap med kommunane i perioden 2004-2019. Namnet blir vidareført i God Helse samarbeidsavtalen. Avtalen er forankra i vedtak i kultur-og folkehelseutvalet i sak KF-38/19, og byggjer på God Helse-partnerskapet frå 2004 til 2019.

Folkehelsearbeidet skal gjennomførast i tråd med Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid

(folkehelseloven). Folkehelseloven sin formålsparagraf §1 vert lagt til grunn.

Formålet med loven er:

«... å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale

helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og

miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.

Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk

tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte.

Loven skal

legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.»

Formålet med avtalen er å sikre ei god samordning av folkehelsearbeidet og følgje opp måla i den nasjonale, regionale og lokale folkehelsepolitikken. Avtalen skal medverke til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar.

God Helse-samarbeidsavtalen omfattar mellom anna avtalepartane sine ansvarsområde i det

helsefremmande og førebyggjande arbeidet. I vedlegget til avtalen er økonomisk tilskot frå

fylkeskommunen, i tillegg til den enkelte kommune sine prioriterte arbeidsområde i perioden,

beskrive. Tilskotet skal brukast til å finansiere arbeidet med ansvarsområde i punkt 3 og arbeidsområder for kommunen for avtaleperioden spesifisert i vedlegg 1, del 3.

Dersom ansvarsområde og arbeidsområder i samarbeidsavtalen er følgt opp, og med føresetnad om fortsatt løyving på budsjett, vil fylkeskommunen gi årlig tilskot til kommunen.

Nivå på økonomisk tilskot er basert på innbyggartalet i kommunen, fordelt på tre nivå:

- Nivå 1 kr 125 000: under 10 000 innbyggjarar
- Nivå 2 kr 150 000: mellom 10 000 - 35 000 innbyggjarar
- Nivå 3 kr 175 000: over 35 000 innbyggjarar

Vurdering og konklusjon:

Inngåing og oppfølging av God Helse-samarbeidsavtale 2020-2023 vil utløyse eit

årleg tilskot på kroner 125 000 i avtaleperioden. Hareid kommune oppfyller kriterier for tildeling av tilskot innanfor dagens rammer. Hareid kommune vedtek difor å inngå God Helse-samarbeidsavtalen 2020-2023 med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar: *Fylkeskommunen tildeler eit årleg tilskot på bakgrunn av politiske prioriteringar, og kommunane bidreg meg tilsvarande midlar for å følge opp egne prioriterte arbeidsområde for å møte folkehelseutfordringane*

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Kariann Bigset
kommunedirektør

Monica Torvik Stokset
folkehelsekoordinator



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
54/20	Levekårsutvalet	30.09.2020
75/20	Næring- og miljøutvalet	29.09.2020
137/20	Formannskapet	15.10.2020
150/20	Formannskapet	26.10.2020
92/20	Næring- og miljøutvalet	03.11.2020
65/20	Levekårsutvalet	04.11.2020
160/20	Formannskapet	11.11.2020

Rullering av kommuneplanens arealdel 2020-2032 - utlegg til 1. gongs offentleg ettersyn

Samandrag:

Rulleringa av kommuneplanens arealdel har vore ein lang prosess, etter at det vart vedteke at arealdelen skulle rullerast tilbake i 2016. No ligg endelig planforslaget føre for utlegg til 1. gongs offentleg ettersyn. Fokuset med planarbeidet har vore å vurdere ny og eksisterande arealbruk i kommunen, forbetre føresegna og oppdatere plankartet.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av PBL. 2008 §11-14 vedtek Hareid kommunestyre å leggje forslaget til kommuneplanens arealdel 2020-2032 ut til 1. gongs offentleg ettersyn slik den ligg føre med plankart datert 21/09/2020, tilhøyrande planomtale, føresegn, kosekvensutgreiing, ROS-analyse og andre vedlegg. Høyringsfrist vert sett til minimum 6 veker.

Vedlegg:

2020-2032Planomtale_21092020
2020-2032_plankart_21092020
2020-2032Føresegn_med_retningslinjer_21092020
2020-2032KU_21092020
2020-2032_Heilskapleg_ROS
A_vedlegg_ROS_arealdelen
B_vedlegg_parkering_friluftsliv
C_vedlegg_sentrumssone
D_vedlegg_framtidig_fv61
E_vedlegg_overordna vegnett
F_vedlegg_overordna_vegnett_bustadfelt
G_vedlegg_støyvurdering
H_vedlegg_flodbølge
I_vedlegg_innspeil

Saksopplysningar:

Det vart i Hareid formannskap, 07/03/2016, i sak FS PS 25/16, vedteke at kommuneplanens arealdel skulle rullerast etter PBL. 2008 §11-12. Årsaka for rulleringa var eit vedtak gjort av Hareid kommune om endring av NFFFA (natur, fiske, friluftsliv, ferdsel og akvakultur)- områder i arealdelen. Etter at planarbeidet var starta opp, vart det inngått eit samarbeid mellom Hareid kommune og fire andre kystkommuner (Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven) på Søre Sunnmøre om utarbeiding av ein interkommunal kystsoneplan. Kystsoneplanen vil verke styrande for arealbruken i sjø og leggje føringar for havbruken, inkludert akvakultur, i Hareid Kommune.

Med bakgrunn i dette vert sjøareala teke ut av kommuneplanens arealdel. Sjølv om det var sjøområda som var utslagsgivande for vedtak om rullering av arealdelen er det arbeida vidare med rulleringa. Ein såg at det også var behov for å forbetre føresegna, oppdatere plankartet og gjennomføre ei ny vurdering av arealbruken i kommunen.

Planprogrammet til kommuneplanens arealdel vart sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn 25/05/2016. Planprogrammet vart vedteke av Hareid formannskap, 29/08/2016, i sak 116/16. Etter planprogrammet vart vedteken stoppa arbeidet med rulleringa opp grunna ressursmangel. Arbeidet har no vorte teke opp att, og no er planforslaget for kommuneplanens arealdel 2020-2032 klar for å leggjast ut til offentlig ettersyn.

Bakgrunnen for dei ulike vurderingane og endringane i kommuneplanens arealdel kjem fram av plandokumenta. Planomtalen er det forklarande dokumentet til arealdelen, medan plankartet og føresegnene er dei juridisk bindande dokumenta.

Vurdering og konklusjon:

Sjølv om planprosessen har gått over fleire år, meiner rådmannen at planforslaget som no vert fremja sikrar dei ulike arealinteressene på ein forsvarleg måte og legg eit godt grunnlag for ei positiv utvikling i kommunen. Alle innspela er vurdert og imøtekomne så langt ein har sett det foreineleg med overordna omsyn og målsettingar. Tilrådde arealmessige endringar i arealdelen er konsekvensutgreia i høve omsyn til natur-, miljø- og samfunn. Konsekvensutgreiinga dannar grunnlaget for kva areal som vert omdisponert ved denne rulleringa. Områda som er omdisponert vert godt skildra i planomtalen med tilhøyrande arealreknskap.

Rådmannen rå ditor Hareid kommunestyre til å leggje planforslaget til kommuneplanens arealdel 2020-2032 ut til offentlig ettersyn.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Vurdert i planforslaget

Miljøkonsekvensar: Vurdert i planforslaget

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Er vurdert i plan.

Konsekvensar for barn og unge: Er vurdert i plan.

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann

Kai-Rune Bjørke
kommunalsjef



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
64/20	Levekårsutvalet	04.11.2020
161/20	Formannskapet	11.11.2020
92/20	Kommunestyret	19.11.2020

Vedtekter for SFO ved skulane i Hareid kommune

Samandrag:

Rådmannen legg fram forslag til endringar i SFO-vedtektene, grunna endring i opplæringslova og forskrift til denne. Der er frå 1. august 2020 innført ei moderasjonsordning for barn frå familiar med låg inntekt, gjeld barn i 1. og 2. klasse. Etter søknad kan det gjevast fritak for betaling for SFO, for barn med særskilde behov i 5.-7. klasse.

Dette krev endringar i vedtektene for SFO i Hareid kommune. Seks kommunar i vår region har i fellesskap kjøpt inn programmet Tieto Education. Faktura og moderasjonsordning vert køyrt via dette programmet. Vedtektene har behov for endringar for at dette skal fungere optimalt.

Rådmannen si tilråding:

Vedtekter for skulefritidsordningane (SFO) ved skulane i Hareid kommune vert godkjent som dei ligg føre. Endringane gjeld frå 1.1.2021.

Vedlegg:

Framlegg til endring av vedtekter SFO frå 1.1.2021

Saksopplysningar:

Skulefritidsordninga (SFO) vert drivne etter opplæringslova § 13-7, samt kommunale vedtekter, vedtak og retningsliner. SFO er eigd og vert drivne av Hareid kommune. Levekårsutvalet er ansvarleg politisk styringsorgan. Gjeldande vedtekter for SFO i Hareid

SFO vert administrert av kommunalsjef for læring og kultur og rektor ved kvar barneskule er administrativ og fagleg leiar for ordninga ved sin skule.

Hareid kommune fakturerer SFO via administrasjonsprogrammet Tieto Education. Seks kommunar i Sjustjernasamarbeidet på søre Sunnmøre har felles drift av programmet. SSIKT er ansvarleg for drifta.

Endring i forskrift om SFO og konsekvensar av dette.

Siste endring i vedtektene vart gjort gjeldande frå august 2019. Når det no vert lagt fram forslag til endring i gjeldande vedtekter, er det m.a. fordi Kunnskapsdepartementet har vedteke ny forskrift for foreldrebetaling i SFO, endringa gjeld frå 1. august 2020, *opplæringslova*. Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova, 02.07.2020

Endring i §6 OPPTAK

Gjeld: Søknadsfristen er kunngjort i lokalpressa og på Hareid kommune si heimeside.

Forslag til endring:

Søknadsfristen er kunngjort på Hareid kommune si heimeside.

Endring i §7 i BRUKARBETALING***Moderasjonsordning***

Forskrifta seier at årleg foreldrebetaling i kommunale SFO, maksimalt skal utgjere seks (6)% av hushaldet sin samla kapital og personinntekt. Barn med særskilde behov på 5.-7. årssteg har etter søknad, rett til gratis SFO. *Jamfør opplæringslova §13 -7 første ledd.*

Til søknaden må det følgje stadfesting/uttale om behov.

På websida til Hareid kommune er der lagt ut søknadsskjema for hushald med årleg brutto kapital- og personinntekt under 6% av årleg betaling i SFO. For å få nedsett foreldrebetaling/fritak frå august, må søknaden vere sendt innan 1. juni. Unntak for skuleåret 2020/2021, søknad kan takast inn heile året med tilbakeverkande kraft til 1. august.

For barn med særskilde behov på 5.-7. årssteget, sender foreldre inn ein skrifteleg søknad.

Handsaming av desse søknadane vert gjort i sektoren. Praksis i kommunen er at det vert endring i satsen for SFO frå 1. januar. Administrasjonen må då manuelt endre fråtrekket for nedsett foreldrebetaling. Vert endring i satsen gjort frå 1. august, slepp ein manuell korrigering av fråtrekket. Rådmannen foreslår at frå 2021 vert SFO-satsen endra frå 1. august.

Fakturering

Hareid kommune har behov for å «harmonisere» sine vedtekter for å lette det administrative arbeidet på skulane og i administrasjonen. Rådmannen sitt framlegg er at årleg kostnad for SFO vert fordelt over 11 terminar per år. Faktura vert sendt ut frå august (1/2 faktura) til og med juni (1/2 faktura). Administrasjonen ved SFO set 1. august som startdato for alle som tar til i august. Ved oppseiing i løpet av skuleåret innan 31. mars, må det betalast for oppseiingsmånaden (er månaden etter at oppseiinga er sendt).

Endring i §8 OPPSEIING AV PLOSS

Oppseiing av SFO-plass skal skje på heimesida til kommunen. I administrasjonsprogrammet vil der komme ein app som kan nyttast. Denne er ikkje på plass endå.

Vurdering og konklusjon:

Framlegg til endringar i vedtektene er i samsvar med endringar i forskrift om SFO i opplæringslova, samt at Hareid kommune er med i eit samarbeid med fem andre kommunar på Søre Sunnmøre om barnehage- og skuleprogrammet Tieto Education.

Fakturering av SFO vart tidlegare i større grad gjort manuelt. No tilpassar kommunen seg den mulegheitene som ligg i Tieto Education.

Rådmannen rår til at dei framlagte endringane vert vedtekne.

Konsekvensar for folkehelsa: På sikt positiv innverknad på folkehelsa. Barn frå familiar med låg inntekt kan no få plass ved SFO.

Økonomiske konsekvensar: Det vert ei auke i rammeoverføringane frå staten i forventa tap av inntekt pga. moderasjonsordninga. Rådmannen erfarer at denne oftast ikkje er fullfinansiert.

Konsekvensar for barn og unge: Muleg at færre barn vert tatt ut av SFO på grunn av at foreldra har låg inntekt

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann

Mariann Båtnes
rådgjevar



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
	Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne	
	Eldrerådet	
66/20	Levekårsutvalet	04.11.2020
162/20	Formannskapet	11.11.2020
94/20	Kommunestyret	19.11.2020

Velferdsteknologi - handlingsplan 2020-2023

Samandrag:

Å ta i bruk ny velferdsteknologi krev involvering av fleire aktørar og god planlegging. Tenestemottakarar, tilsette og pårørande skal vite kva velferdsteknologiske løysingar som vi tek i bruk, ha kunnskap om desse og vere trygge på løysingane. I tillegg må vi ha fokus på sikkerheit, etikk og økonomi.

Fleire av produkta innan velferdsteknologi vert no leigd. Det medføre reduksjon i investeringskostnadane i handlingsplanen, men auke i driftsbudsjett til døme elektronisk medisinstøtte. Desse endringane er tatt med i investering-/ og driftsbudsjett 2021.

Målet er at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenesteytinga innan 2022.

Handlingsplanen gir føreseielegheit knytt mot val av velferdsteknologi i Hareid kommune.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek Handlingsplan for velferdsteknologi 2020-2023 slik den ligg føre i vedlegg 1.

Vedlegg:

Handlingsplan for velferdsteknologi 2020 -2023

Saksopplysningar:

Som vi ser av planen vil Hareid kommune ha ein stor del eldre dei neste tiåra i forhold til tal på innbyggjarar, dette i tillegg til fleire ressurskrevjande tenestemottakarar. Det er difor viktig at velferdsteknologi vert ein naturleg del av tenesta vi gir og at bruk av velferdsteknologi vert vurdert på lik linje med andre tenester. Vi må då ha kunnskap om og kjennskap til dei ulike løysingane som er tilgjengeleg.

I handlingsplanen dreg vi linene frå FN berekraftsmål til eigne lokale planar. Interkommunalt har vi eit tett samarbeid med dei andre kommunane i justjerna og strategien som er utarbeida i det samarbeidet ligg som grunnlag for vår handlingsplan.

Bruk av velferdsteknologi i omsorgstenesta supplerer den tradisjonelle måten å gi omsorgstenester på. Velferdsteknologiske løysingar kan verte eit viktig verkty i møte med framtida sine demografiske utfordringar, det helsefremmande arbeidet og som eit av fleire verkty for å førebygge fall, einsemd og kognitiv svikt. Teknologien kan bidra til å skape betre løysingar, men kan også utfordre grunnleggande verdiar.

Samtidig som velferdsteknologi kan bidra til trygghet og at fleire kan bu heime i eigne bustad lenger, kan den også utfordre den einskilde sitt privatliv og personvern. Eksempelvis kan overvaking medføre at tenestemottakaren får innskrenka handlingsromet sitt. Personvernet er avgjerande for å ta i vare den individuelle fridomen.

Å få bestemme over sitt eige liv er ein av dei viktigaste føresetnadane for ein positiv utvikling og identitet. Vi må difor sikre at den einskilde i størst mogleg grad beheld retten til å bestemme over seg sjølv. For dei som ikkje har samtykkekompetanse må tenesta ha nær kontakt med verje for tenestemottakar og i nokre saker godkjent av fylkesmannen.

Det er gitt positiv varsel om tilskot til nytt signalanlegg ved Hadartun.

Signalanlegget er sjølv infrastruktura for velferdsteknologi i institusjon, dagsenter og omsorgsbustader. Både institusjon og heimetenesta vil være operatør for fleire av produkta som er omtalt i handlingsplanen. Produkta vil gi meir effektiv drift, kvalitetsforbetring av tenesta og bistå oss i å møte den demografiske utviklinga i Hareid kommune.

Velferdsteknologi kan generere til dels store mengder sensitiv informasjon. Krav til fagleg

føreseielegheit er eit grunnleggande krav i helse- og omsorgstenestene. I prinsippet om fagleg føreseielegheit inngår også krav om etisk føreseielegheit. Tiltaka må prøvast mot alminnelege etiske prinsipp. Teknologien må difor vere minst mogleg integritetskrekkande, og bruken må ha eit klart definert formål og vurderast å vere forsvarleg.

Handlingsplanen gir oss ein kostnadsoversikt over 3 år. Planen skal årleg reviderast då utviklinga innan velferdsteknologi er i rask endring. Eit eksempel på det er at fleire av produkta innan velferdsteknologi vert no leigd. Det medføre reduksjon i investerings –kostnader i handlingsplanen, men auke i driftsutgifter. Døme på det er elektronisk medisinstøtte. Desse endringane er tatt med i

investering-/ og driftsbudsjett 2021.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen foreslår at kommunestyret vedtek handlingsplan for val og bruk av ny velferdsteknologi, som vedlagt.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Som skissert i saksopplysningane og handlingsplanen

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Som skissert i saksopplysningane g handlingsplanen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Som skissert i saksopplysningane g handlingsplanen

Nils Arne Skagøy
kommunalsjef

Helga Bø
Prosjektleder



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
67/20	Levekårsutvalet	04.11.2020
163/20	Formannskapet	11.11.2020
	Kommunestyret	

Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF- Høyrings svar frå Hareid kommune

Samandrag:

Helse Møre og Romsdal HF, har partane forplikta seg til å revidere avtalen slik at den til ei kvar tid er i samsvar med gjeldande rettspraksis, lover og forskrifter. Partane plikter å foreta ein gjennomgang og evaluering anna kvart år ved utgangen av året. Det har vore forhandling om ny avtale sidan hausten 2018. Forslag til ny revidert samarbeidsavtale er no ute på høyring, med høyringsfrist satt til 26.10.2020.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommunestyre gir slik høyringsuttale på utkastet til revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF:

Utkastet for revidert samarbeidsavtale er harmonisert og stramma opp både i omfang og språk. Avtalen framstår meir oversiktleg.

Hareid kommune er nøgd med at avtalen sin delavtale 1 omfattar pasientar innan psykisk helse og rus, i tillegg til somatikk. For kommunen er dette særskilt viktig for å kunne yte forsvarleg helsehjelp til pasientar uavhengig av diagnose.

Hareid kommune vil særleg påpeke at barn og ungdom som følgast opp av barnevernet får den helsehjelp dei har krav på (Delavtale 1).

Hareid kommune meiner punkt 1.3 d) som viser til retningsline når personar med spesielle oppfølgingsbehov vert innlagt ved Møre og Romsdal HF, med bistand av kommunal tilsett personell, må takast ut av avtalen. Innhaldet i denne retningslina er det ikkje forhandla om individuelt i forhandlingsutvalet. Retningslina slik den ligg føre, er ikkje i tråd med kommunen sitt syn om korrekt ansvarsfordeling ifht gjeldande lovverk. Kommunen ønsker i utgangspunktet ei retningsline på dette området, men retningslina slik den ligg føre no kan kommunen ikkje akseptere å ta inn i samarbeidsavtalen.

Hareid kommune viser til ytterligere presiseringar og konkrete forslag gitt i vedlegg 1 til avtalepunkta i avtalen.

Vedlegg:

Vedlegg 2 - Hjelpedokument - utkast til samarbeidsavtale med spor endringar

Vedlegg 1- Høyringsuttale frå Hareid kommune til utkast til samhandlingsavtale

Høyringsbrev - revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og(225885419)

Høyringsutkast - revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre (-2084395538)

Saksopplysningar:

Med bakgrunn i gjeldande samhandlingsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF, har partane forplikta seg til å revidere avtalen slik at den til ei kvar tid er i samsvar med gjeldande rettspraksis, lover og forskrifter. Partane plikter å foreta ein gjennomgang og evaluering anna kvart år ved utgangen av året. Det har vore forhandling om ny avtale sidan hausten 2018. Forslag til ny revidert samarbeidsavtale er no ute på høyring, med høyringsfrist satt til 26.10.2020.

Avtalestrukturen i utkast til hovudavtale og reviderte delavtalar slik den ligg føre no, er eit resultat av ei harmonisering, der delavtalane er redusert frå 15 til 6 delavtalar.

I utkast til delavtale 1 «Samarbeid om koordinering av tjenester, samt innleggelse og utskrivning fra sykehus», er det ei betydeleg forenkling der fem delavtalar er slått saman til ein delavtale. Revidert delavtale omhandlar både pasientar innan psykisk helse og rus og somatikk. Sjølv om der er språkmessige endringar, er det innarbeida tidlegare avtalefesta vilkår knytt til betalingsplikt utover det som er forskriftsfesta, som tek i vare konklusjonar frå tidlegare tvistesaker. Betalingsplikta knytt til krav om at det er sendt epikrise på utskrivningstidspunktet, omfattar etter revisjonen alle pasientgrupper. Dette har vore eit viktig krav frå kommunane i forhandlingane.

Forhandlingsutvalet har samtidig vore opptatt av å ivareta lokale omsyn/vilkår, som mellom anna i hovudavtalen og samhandlingsfora. Her har forhandlingsutvalet valt å gå vidare med dei fire lokale samhandlingsutvala, til tross for signal i avtale om helsefelleskap om tredelt struktur. Bakgrunnen er behovet for lokale fellesarenaer rundt det enkelte sjukehus, med mål om å understøtte lokal oppfølging, iverksetting av tiltak og lokalt forbetningsarbeid.

Forhandlingsutvalet viser også til nylig utsendt høyring om «Forslag om å innføre krav om at kommuner og helseforetak skal avtale hvordan de sammen skal planlegge og utvikle tjenester» datert 25.08.2020. Forslaget er ei oppfølging av Meld.St.7 (2019-2020) Nasjonal helse- og sykehusplan og regjeringa sin avtale med KS om etablering av helsefelleskap. Tilrådinga gjeld eit nytt punkt 13 i helse- og omsorgstjenesteloven § 6-2 første ledd.

Endringa inneber eit krav om at det må konkretiserast i samarbeidsavtalen korleis kommunane og helseforetak i felleskap skal utvikle og planlegge tenester. Eventuelle lovendringar takast med som ein del av det framtidige revisjonsarbeidet for å sikre at samarbeidsavtalen er i tråd med overordna føringar. Dersom tilrådinga blir vedteken, må det konkretisere yttarlegare korleis vi kan sikre gjensidige planprosessar i samarbeidsavtalen.

Vurdering og konklusjon:

Utkastet for revidert samarbeidsavtale er harmonisert og stramma opp både i omfang og språk. Avtalen framstår difor meir oversiktleg.

Hareid kommune er nøgd med at avtalen sin delavtale 1 omfattar pasientar innan psykisk helse og rus, i tillegg til somatikk. For kommunen er dette særst viktig for å kunne yte forsvarleg helsehjelp til pasientar uavhengig av diagnose.

Hareid kommune meiner punkt Delavtale 1, punkt 1.3 d) som viser til retningsline når personar med spesielle oppfølgingsbehov vert innlagt ved Møre og romsdal HF, med bistand av kommunal tilsett personell, må takast ut av avtalen. Innhaldet i denne retningslina er det ikkje forhandla om individuelt i forhandlingsutvalet. Retningslina slik den ligg føre, er ikkje i tråd med kommunen sitt syn om korrekt ansvarsfordeling ifht gjeldande lovverk. Kommunen ønsker i utgangspunktet ei retningsline på dette området, men retningslina slik den ligg føre no kan kommunen ikkje akseptere å ta inn i samarbeidsavtalen.

Hareid kommune meiner at i Delavtale 1.2 bør det presiserast at barn og ungdom som følges opp av barnevernet (institusjon ol) får utredning og behandling frå spesialisthelsetenesta når helsehjelp er naudsynt. Det må sjåast i samanheng med Delavtale 5, punkt 5.2 e om tidleg intervensjon og førebygging når det gjeld psykisk helse hjå barn og ungdom.

Hareid kommune viser til ytterligare presiseringar og konkrete forslag i vedlegg 1 til avtalepunkt i avtalen. Vedlegg 2 viser korleis dette er foreslått inn i avtalen.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa: Det er ein eigen delavtale som viser til samarbeid om helsefremmande og forebyggande helsearbeid. Godt samarbeid mellom kommunen og Helse og Møre Romsdal HF er elles særst viktig for innbyggjarane i Hareid kommune.

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar: Avtalen har ingen nye økonomiske konsekvensar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge: Sjå vurdering - konklusjon - tilråding

Kariann Bigseth
Konst. kommunedirektør

Nils-Arne Skagøy
Kommunalsjef sektor Velferd



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
164/20	Formannskapet	11.11.2020
	Kommunestyret	

Dugnad for HAFAST

Samandrag:

Hareid Fastlandssamband AS (HAFAST) er et regionalt samfunns- og utviklingsprosjekt som skal knytte sammen den mest folketette regionen i Møre og Romsdal. Selskapet som ble etablert i 1986 arbeider med å realisere fastlandsforbindelse mellom Sula og Hareid. Målet er å knytte Ålesundregionen og Søre Sunnmøre sammen til en sterkere bo og arbeidsmarkedsregion. HAFAST vil gjøre regionen døgnåpen og transport av personer og gods enklere. HAFAST vil gi økt interaksjon og vekst i arbeids- og boligmarkedet, samt øke mobiliteten av produkt og tjenester i Sunnmørsregionen.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret gjer vedtak om å kjøpe ytterlegare 50 aksjar á kr. 100,- i HAFAST AS, pålydande kr. 100,- per aksje.

Kostnaden skal dekkast av disposisjonsfondet.

Vedlegg:

Emisjon HAFAST_ Brev til aksjonærer_ november 2020

Emisjon HAFAST_ Underlagsinformasjon_ november 2020

Saksopplysninger:

Hareid Fastlandssamband AS (HAFAST) er et regionalt samfunns- og utviklingsprosjekt som skal knytte sammen den mest folketette regionen i Møre og Romsdal. Selskapet som ble etablert i 1986 arbeider med å realisere fastlandsforbindelse mellom Sula og Hareid. Målet er å knytte Ålesundregionen og Søre Sunnmøre sammen til en sterkere bo og arbeidsmarkedsregion. HAFAST vil gjøre regionen døgnåpen og transport av personer og gods enklere. HAFAST vil gi økt interaksjon og vekst i arbeids- og boligmarkedet, samt øke mobiliteten av produkt og tjenester i Sunnmørsregionen.

Hareid kommune har per i dag 70 aksjar i HAFAST AS, med ein kjøpsverdi på kr. 84 100,- og ein formuesverdi per 31.12.2019 på kr 14 663,-.

Det vises elles til vedlegga for ytterlegare informasjon.

Vurdering og konklusjon:

Hareid kommune har ein svært anstrengt kommuneøkonomi og har lite midlar til råvelde for å investere i ulike prosjekt. Det er viktig at vi nyttar disse midla til tiltak der vi ser at det vil gi ein framtidig gevinst for kommunen.

HAFAST er eit prosjektet som potensielt vil gi ein stor gevinst for utviklinga av Hareid i framtida. Det er derfor viktig for kommunen å vere med å bidra til at prosjektet held fram. Det ligg også ei stor signaleffekt i om Hareid kommune vel å vere med i den vidare utviklinga av HAFAST eller ikkje.

Ut frå ei totalvurdering vert det tilrådd å kjøpe nye aksjar i HAFAST AS, men at vi ut frå den økonomiske situasjonen vel den minste aksjepakken med 50 aksjar.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: *Disposisjonsfondet vert belasta med kr. 50 000,-.*

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Kariann Bigseth

Konstituert kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
62/20	Levekårsutvalet	04.11.2020
165/20	Formannskapet	11.11.2020

Snipsøy skule

Samandrag:

«I august 2017 kom ein førespurnad frå førebuingnemnda for skulemuseum v/Marit Kvammen, stila til dåverande ordførar i Hareid kommune Anders Riise, om kommunen ville ta over Snipsøy skule vederlagsfritt med tanke på at skulen kunne verte eit museum for heile øya. Av ulike grunnar har ikkje saka vorte handsama før no.

Levekårsutvalet 04.11.2020:

Nye framlegg:

, foreslått av ,

1. LKU vedtek at kommunen kan vurdere å ta over skulen vederlagsfritt frå Snipsøy Grendalag.

I kommunen sin Kulturminneplan er skulebygget i Snipsøydalen tiltenkt rolla som framtidig skulemuseum. Skulen vart bygd i 1910 og representerer den einaste grendadkulen som er att på Hareidsøya. Det er med andre ord eit verkeleg kulturbygg og ein viktig del av Hareidhistoria.

2. Administrasjonen tar initiativ til å kalle inn naturlege samarbeidspartnarar for å drifte og utvikle skulemuseet. Skulane i Hareid, Historielaget, Lions, Rotary og andre aktuelle ressurspersonar til dømes eldre lærarar bør vere med i dette prosjektet. Det må utgreiast om modellen kommunen brukar på Pakkhuset i Brandal kan vere aktuell, og vurdere om kva det betyr med ei sifting.

Behandling:

LKU- 62/20 Vedtak:

1. Levekårsutvalet vedtek at kommunen kan vurdere å ta over skulen vederlagsfritt frå Snipsøy Grendalag.

I kommunen sin Kulturminneplan er skulebygget i Snipsøydalen tiltenkt rolla som framtidig skulemuseum. Skulen vart bygd i 1910 og representerer den einaste grendadkulen som er att på Hareidsøya. Det er med andre ord eit verkeleg kulturbygg og ein viktig del av Hareidhistoria.

2. Administrasjonen tar initiativ til å kalle inn naturlege samarbeidspartnarar for å drifte og utvikle skulemuseet. Skulane i Hareid, Historielaget, Lions, Rotary og andre

aktuelle ressurspersonar til dømes eldre lærarar bør vere med i dette prosjektet. Det må utgreiast om modellen kommunen brukar på Pakkhuset i Brandal kan vere aktuell, og vurdere om kva det kan bety med ei stifting.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommune har ikkje økonomiske midlar til å ta over Snipsøy skule, og har heller ikkje ressursar til å drifte eit eventuelt skulemuseum i bygget.

Kommunedirektøren rår til at initiativtakarane dannar ei stifting for skulen, og nyttar moglege stønadsordningar til finansiering av tiltaket.

Vedlegg:

Ønske om avgjerd om eit skulemuseum ved Snipsøy skule
Referat møte 20 februar 2017

Saksopplysningar:

Våren 2017 vart det nedsett ei førebuingnemnd som arbeidde for at kommunen skulle få eit skulemuseum ved Snipsøy skule (Vedlegg 2). I samband med dette, sendte nemnda v/ Marit Kvammen ein førespurnad til dåverande ordførar Anders Riise, om kommunen ville ta over skulen vederlagsfritt med tanke på at skulen kunne verte eit museum for heile øya (vedlegg 1)

Vurdering og konklusjon:

Jfr referat frå 2017 (vedlegg 2) finn ein at dette er ei sak som har vore drøfta tidlegare, der kommunen i 2011 avslo å løyve midlar til oppretting av eit skulemuseum i Snipsøy skule. Kommunen er ikkje grunneigar eller eigar av bygget – det er fleire ulike grunneigarar som eig grunnen og det er grendalaget som har holdt vedlike skulen. Grendalaget har lagt ned eit godt arbeid for å bevare skulen, som også er med i Kulturminneplanen for Hareid kommune.

Bestillinga frå grendalaget til politikarane er om kommunen vil ha skulemuseum i kommunen.

Det er gjennom mange år blitt samla historiske gjenstandar frå skule, og presentert i ei utstilling, i Brandal. Dette tiltaket vil ta vare på behovet for å dokumentere kulturarv knytt til skule og skuletid frå eldre tider.

Det er også knytt økonomiske forpliktingar til å eige og drive bygg, og Hareid kommune har ikkje midlar knytt til slike formål.

Konsekvensar for folkehelsa: Positive

Miljøkonsekvensar: Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar; Økonomiske konsekvensar knytt eige/drift og vedlikehald

Beredskapsmessige konsekvensar: Ikkje vurdert

Konsekvensar for barn og unge: Postitivt å auke kompetanse på kultur- og identitet

Ragnhild Velsvik Berge
Kommunedirektør

Eivind Longva
Kommunalsjef Sektor for læring og kultur



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
101/20	Formannskapet	31.08.2020
166/20	Formannskapet	11.11.2020
	Kommunestyret	

Faktureringsrutiner

Samandrag:

I dag fakturerer kommunen kommunale avgifter og eigedomsskatt tre gongar i året. Med utgangspunkt i stadig aukande gebyrsatsar kan terminbeløpa vere krevjande å handtere. For å lette betalingstrykket på innbyggjarane har kommunestyret i budsjettsaka for 2020 bedt administrasjonen å vurdere månadleg fakturering.

Rådmannen si tilråding:

Komtek Fleksibel Fakturering framstår som moderne og som den beste løysinga for innbyggjarane. Rådmannen rår til at kjøp av denne løysinga vert lagt fram som eit tiltak i den ordinære budsjettprosessen for 2021.

Vedlegg:

Tilbakemelding frå Sula kommune

Saksopplysningar:

I dag fakturerer Hareid kommune kommunale avgifter tre gongar i året, med forfall i mars, juli og november. Ein eigeomsskattesats på tre promille i samband med dagens gebyrnivå på vatn og avløp kan vere vanskeleg å handtere for mange husstandar. Når dette skal fordelast på berre tre årlege terminar ser ein at enkelte får utfordringar med å betale relativt store fakturabeløp. I mange tilfeller må innbyggjarane ut med mellom 6 000 kr. og 8 000 kr. per termin. Kommunen har fått tilbakemeldingar på at dette er krevjande og at fleire kunne tenke seg månadleg fakturering.

Månadleg fakturering fører med seg meirarbeid for administrasjonen samanlikna med dagens ordning. I tillegg til at sjølv faktureringsjobben må gjerast fire gongar so ofte, vil kommunen verte nøydd til å auke ressursbruken på innfordring og ajourhald av kundereskontro. Innbyggjarar betalar både for mykje, for lite eller ikkje i det heile tatt. Økonomiavdelinga si erfaring er at dette ikkje alltid skuldast dårleg betalingsevne. Dette stiller krav til jamt vedlikehaldsarbeid i form av mellom anna manuelle bokføringar, utbetaling av tilgodebeløp og purring på manglande betaling. Totalt sett estimerer kommunen det samla meirarbeidet med ei slik løysing til 20% av ein vanleg stillingsheimel. Legg ein til grunn ei årsløn på 550 000 kr. inkl. sosiale kostnader skapar ei slik ending altså ein årleg meirkostnad på om lag 110 000 kr.

Sjølv om meir innfordringsarbeid i utgangspunktet er negativt, vil det også vere inntektsbringande for kommunen. I 2019 genererte fyrste- og andregangs purringar (høvesvis 70 kr. og 210 kr. per purring) om lag 200 000 kr. i inntekter. Det var på tvers av alle krav, ikkje berre kommunale avgifter. Dersom ein legg til grunn 20% auke i gebyrinntekter som følgje av hyppigare purring av eigeomsavgifter, gir det ein inntektsvekst på 40 000 kr. I den samanheng må det også nemnast at ei arbeidsgruppe nedsett av Justis- og beredskapsdepartementet har foreslått ny inkassolov, der blant anna dagens purregebyr skal halverast. Det er framleis usikkert når dette trer i kraft, men det er truleg snakk om kort tid. Omfanget av denne inntekta er soleis svært usikker.

Eit anna viktig moment er portoutgiftene, som vil auke som følgje av fleire fakturaer og purringar. Til tross for ei aukande grad av digitale forsendelsar er det framleis mange som får tilsendt brev i papirform. Kommunen estimerer ein årleg meirkostnad på 40 000 kr. som følgje av auka portoutgifter ved hyppigare fakturering.

Basert på dei ovanståande faktorane estimerer ein den totale meirkostnaden ved å innføre månadleg fakturering til å tilsvare ei 20 % stilling, om lag 110 000 kr per år.

Under utgreiinga av denne saka har Hareid forhøyr seg med Ulstein. I nabokommunen vart det politisk vedtatt å fakturere seks gongar i året frå og med 2020. Dei har ikkje eksakte tal å vise til, men melder om betydeleg meirarbeid i form av rydding (ajourhald av kundereskontro) og innfordring. I tillegg fortel dei om varierte tilbakemeldingar frå innbyggjarane, der mange faktisk peiker på at fleire fakturaer berre vert meir «styr» å handtere. Saka er sjølv sagt todelt, og kommunen viser også til at enkelte er glade for å få betale i mindre bolkar.

Auka faktureringsfrekvens vil ikkje stille krav til systemrelaterte tilpasningar åleine.

Kommunen sitt eigeidomssystem, Komtek, tilbyr no ei ny løysing dei kallar Fleksibel Fakturering. Ved hjelp av denne modulen får den enkelte innbyggjar sjølv moglegheit til å velje antall terminar per år. Leverandøren har utarbeida eit pristilbod med ein eingongskostnad på 74 600 kr, samt ein årleg kostnad på 16 320 kr. eks. mva. Dette inkluderer opplæring og bistand i den fyrste faktureringa. Sula kommune har gått til innkjøp av denne løysinga og har den no til utprøving.

Vurdering og konklusjon:

Slik administrasjonen ser det, har ein tre naturlege alternativ:

1. Månadleg fakturering for alle innbyggjarar.

Denne løysinga er positiv for dei med låg betalingsevne. Truleg vil mange oppleve at det er lettare å handtere tolv mindre beløp framfor tre relativt store, reint økonomisk. Bakdelen, som også Ulstein har fått tilbakemeldingar på, er at ein større fakturaflyt kan vere utfordrande for nokon, rett og slett fordi det blir meir å halde styr på. Det er mange som ikkje nyttar seg av avtalegiro, og dermed må betale fakturaen manuelt kvar måned. Når kommunen ser teikn til vanskar med tre terminar, blir det truleg ikkje betre med tolv. Ut frå mellom anna erfaringane i Ulstein er det påreknelig at fleire fakturaer vil skape meirarbeid både for kommunen og innbyggjarane. Sjølv om hyppigare innbetalingar i utgangspunktet vil vere positivt for likviditeten til kommunen, vil denne effekten vere marginal. Netto kostnadsauke med ei slik løysing estimerer administrasjonen til å vere om lag 110 000 kr. Det må presiserast at denne tallfestinga begrensar seg til kvalifiserte gjetningar. Dette tilsvarar om lag ei 20 % stilling som vi per i dag ikkje har i økonomiavdelinga. Det må derfor gjerast omdisponeringar dersom det skal frigjerast tid til dette.

2. Halde fram med dagens ordning.

Sjølv om enkelte innbyggjarar har ytra ynskje om månadleg fakturering, fungerer dagens løysing relativt godt. Kommunen er behjelpelig med utsetting eller oppdeling av faktura dersom det er naudsynt. Ordninga er dessutan godt implementert. Innbyggjarane har vorte vand med at det kjem faktura i mars, juli og november. Hyppige endringar av faktureringsrutinene kan potensielt ha ei forvirrande effekt for mange. Utfordringa er sjølv sagt at ein uendra praksis ikkje lettast situasjonen for dei med betalingsvanskar.

3. Komtek Fleksibel Fakturering.

Ei slik løysing er framtidsretta og serviceorientert. Her får den enkelte innbyggjar sjølv velje tal på årlege terminar, skreddarsydd til sine egne ynskjer og behov. Fleire vil heilt sikkert gå for ein hyppigare frekvens, medan mange nok vil halde fram slik det er i dag. Ein kan difor rekne med at det vil verte noko meirarbeid for kommunen også her, men truleg ikkje like mykje som dersom samtlege skal over på månadleg fakturering. Går ein for dette alternativet vil økonomiavdelinga halde fram med same prosess for import av filer frå Komtek og manuell fakturering frå Agresso. Dette fungerer godt. Fleksibel Fakturering vil koste 74 600 kr. som eit eingongsbeløp og 16 320 kr. eks.

mva. årleg. I tillegg må ein rekne noko meirarbeid for den andelen av innbyggjarane som vel hyppigare fakturering. Administrasjonen reknar dette til om lag 30 000 kr. årleg. Dette tilsvarar omtrent ei 5 % stilling, noko som er enklare å omdisponere ressursar til.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa:
Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar:
Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar:
Fleksibel Fakturering vil koste 74 600 kr. som eit eingongsbeløp og 16 320 kr. eks. mva. årleg. I tillegg må ein rekne noko meirarbeid for den andelen av innbyggjarane som vel hyppigare fakturering. Administrasjonen reknar dette til om lag 30 000 kr. årleg.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge:
Ingen kjende.

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann

Vegard Selvåg
konsulent



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
167/20	Formannskapet	11.11.2020
	Kommunestyret	

Prioritering av investeringstiltak 2021

Samandrag:

Administrasjonen presenterer aktuelle investeringstiltak for 2021 og ber kommunestyret gi ei prioritering i høve kva om skal prioriterast inn i den pågåande budsjettprosessen. Prioriteringa vil berre vere rettleiande for administrasjonen og endeleg vedtak vert tatt i budsjettvedtaket i desember.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret ber administrasjonen prioritere følgande tiltak inn i budsjettprosessen for 2021 i den grad der er økonomisk rom for det:

1. ...
2. ...
3. ...
4. etc.

Kommunestyret ber administrasjonen prioritere følgande tiltak inn i budsjettprosessen for den vidare handlingsplanperioden i den grad der er økonomisk rom for det:

1. ...
2. ...
3. ...
4. etc.

Kommunestyret ber administrasjonen prioritere følgande tiltak inn i budsjettprosessen for 2021 på sjølvkostområda i den grad der er økonomisk rom for det:

1. ...
2. ...
3. ...
4. etc.

Kommunestyret ber administrasjonen prioritere følgende tiltak inn i budsjettprosessen for den videre handlingsplanperioden på sjølvkostområda i den grad der er økonomisk rom for det:

1. ...
2. ...
3. ...
4. etc.

Vedlegg:

Kopi av Investeringsiltak 2021 Samla - Endeleg

Saksopplysningar:

Vedlegget syner alle investeringsiltak for 2021 og handlingsplanperioden som er meldt inn frå sektorane. Ein har prøvd å synleggjere dei økonomiske driftskonsekvensane for heile økonomiplanperioden so godt som mogleg, men på fleire av tiltaka er investeringsbeløpet usikkert.

Dei ulike tiltaka er merka av kommunalsjefane med anten vedteke (V), må (M) eller bør (B).

Vurdering og konklusjon:

Hareid kommune er no i gong med budsjettprosessen for 2021 og komande handlingsplanperiode. Budsjetta er stramme og vi har lite handlingsrom. For administrasjonen er det viktig at dei tiltaka vi prioriterar inn i budsjettet er tiltak som samsvarar med den politiske viljen. Vi vil også oppmode om at tiltak som vil gi ein effekt ved å kunne redusere driftskostnader eller auke framtidige inntekter vert prioritert.

Administrasjonen har ikkje gjort prioriteringar i denne saka utover at tiltak er merka med vedteke (då forelegg der eit politisk vedtak som krev finansiering), må (då er det tiltak sektorane har vurdert som naudsynte å gjennomføre) og bør (tiltak som burde vore gjennomført, men som ikkje er naudsynte).

Prioriteringane frå kommunestyret vil bli tekne med i det vidare arbeidet med budsjettet og vil bli prioritert inn i den grad der er rom for det i budsjettet.

Endelig vedtak av kva tiltak som vert prioritert vil verte gjort i budsjettvedtaket i kommunestyret i desember.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: *Ja*

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Kariann Bigseth
konstituert kommunedirektør

Bjørnar Haddal
økonomileiar